

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2014	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/2046	14/8875

Kommuneplan for Austrheim 2014-2024 samfunnsdelen - 1. gongs høyring og offentleg ettersyn - uttale frå Radøy kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande uttale til framlegg til samfunnsdelen i kommuneplan for Austrheim 2014-2024:

Radøy kommune vurderer framlegg til plan som godt gjennomarbeidd og i tråd med føringar satt i lov. Ynskje om auka folketal og utvikling i Austrheim står opp under Radøy kommune sitt ynskje om auka vekst i regionen som heile.

Radøy kommune vil ynskje lukke til vidare med planarbeidet.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Etter plan- og bygningslova § 11-1 skal alle kommunar ha ein kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Austrheim har lagt vekt på følgjande viktige verdiar for Austrheimsamfunnet:

- Opne Landskap, Ope sinn

Kommunen sitt slagord gjev signal om sentrale verdiar i Austrheim. Det flotte kystlandskapet er ein viktig ressurs og verdi. Samstundes skal lokalsamfunnet Austrheim vera ope og inkluderande for alle.

- Austrheim heile livet

Ein viktig verdi for Austrheim er at det skal vera godt å leva her for alle , heile livet.

- Havsport

Austrheim har ei tydeleg maritim tilknytning og satsing på havsport er ein naturleg vidareføring av den verdien denne knytinga har.

- Turstiar- folkehelse- fysisk aktivitet

Det opne flate kystlandskapet er ein varig verdi for Austrheim. Gjennom utbygging av turstiar og planar innanfor folkehelse vert denne verdien gjort tilgjengeleg for flest moglege.

- Kystlandsby, Kystbarnehage

Den maritime tilknytninga og verdien av den er og lagt inn i utbygginga av private og offentlege utbyggingar.

- Skjærgarden

Øyane og holmane saman med Fosnøyna er eitt av dei største utfartsområda for båt i fylket.

- Lyngheiane/Kulturlandskap/Kulturminne

Lynghei-landskapet i Austrheim og Nordhordland er internasjonalt kjend «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen» – I Austrheim finn du meir enn 30 steinalderbuplassar, og nokre av dei er mellom dei eldste i landet.

- Vardetangen 4 grader 56 min. 43,182 sek. austleg lengde, 60 grader 48 min. 36,614 sek. nordleg breidde. Det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg.
- Austrheim kommune sine kjerneverdier er å vera

Tydeleg, ansvarleg og raus

Måla for utvikling og vekst omtaler meir konkret kva dei ynskjer å oppnå.

Her er hovudmåla:

Austrheim vil leggje til rette for auka folketal.

Austrheim vil vidareutvikla seg som ein livskraftig kommune.

Austrheim vil utvikla endå betre kommunale tilbod.

Austrheim vil leggje til rette for at alle vert aktiv kvar dag, heile livet.

Austrheim vil leggje til rette for bu, jobb og fritidstilbod.

Vurdering

Rådmannen vurderer planframlegget som godt gjennomarbeidd og flott framstillt. Dokumentet stetter krav i plan- og bygningslova om at kommunen skal meisle ut sine lansiktige val for utvikling av samfunnet.

Austrheim kommune viser i planframlegget at dei tek på alvor utfordringar kring folkehelse, berekraftig utvikling og landskapsverdier.

Fosnstraumen er nemnt som viktig i Austrheim og den grensar jo mot Radøy. Radøy kommune vil gjerne gå i dialog med Austrheim om å arbeide vidare med utvikling av dette området.

Havbruk er ei viktig næring på Vestlandet. Eit av annlegga i Radøy ligg på grensa mot Austrheim og har varsla at dei ynskjer eit samarbeid kommunane i mellom og Radøy kommune har spelt inn for regionrådet at ein kunne ynskje ein havbruksplan for heile Nordhordlandsregionen.

Nordhordlandsregionen er tett knytt saman då infrastrukturen gjer regionen mykje til ein bu- og arbeidsmarknad. Utfordringane er og mykje dei same i kommunane rundt storbyen Bergen. Ynskje om auka folketal i Austrheim står opp under Radøy kommune sitt ynskje om auka vekst i regionen som heile.

Konklusjon

Rådmannen sin innstilling til vedtak i saka vert å gje ei positiv tilbakemelding på eit flott planarbeid om byggjer opp under felles mål om utvikling i Nordhordlandsregionen.

Formannskapet i Radøy - 058/2014

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande uttale til framlegg til samfunnsdelen i kommuneplan for Austrheim 2014-2024:

Radøy kommune vurderer framlegg til plan som godt gjennomarbeidd og i tråd med føringar satt i lov. Ynskje om auka folketal og utvikling i Austrheim står opp under Radøy kommune sitt ynskje om auka vekst i regionen som heile.

Radøy kommune vil ynskje lukke til vidare med planarbeidet.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Vedlegg:

Varsel om offentleg høyring og ettersyn for framlegg til Austrheim kommu

Varsel om offentleg høyring og ettersyn for framlegg til Austrheim kommune Kommuneplan 2014-24

- Samfunnsdel

Framlegg_Samfunnsdel_2014_24